

# Fjågesund Posten

Nr. 2 april 2018



## TUR TIL TELNESÅSEN

Sondag 29. april kl. 13.00.

Me møtast i grustaket. Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL



## DUGNAD RUNDT KYRKJA

Onsdag 2. mai kl. 17.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Enkel bevertning.

## RUSKENAKSJONEN 2018

Mondag 7 mai kl. 16.00 - 19.00. Renovest IKS set ut container ved **Fjågesund grendehus**. Her kan du som privatperson levere avfall som kjøl/frys, komfyrar, omnar, anna elektrisk materiell, samt møblar og større hushaldsavfall.



## VI RYDDER BYGDA

Tysdag 8 mai kl. 18.00. Vi møtast på grendehus-plassen, og ryddar søppel langs vegen til Fjågesund bru og opp til kyrkja. Ta med hanskar.

Når vi er ferdige blir det kaffe og vafflar.

Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL



## DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

Mondag 14 mai kl. 17.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Vasking inne av vindauge o.s.v.

# 17. MAI I FJÅGESUND




Program:

- Tog frå broi kl 12.00
- Festgudsteneste kl 12.30 i Fjågesund kyrkje v/Møyfrid Lunde. Offr. til Kirkens SOS, Telemark.

På grendehuset etter messa:

- Kaffi og kaker
- Utlodding
- Leikar: luftbørse, pilkast etc. med premiering
- Premieutdeling for boka på Hyvre

Arr. Fjågesund Vel



## M/S HENRIK IBSEN

kjem fredag 18 mai.

Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10.

## M/S VICTORIA

kjem laurdag 19. mai, og vi oppmodar alle til å helse dei velkomen desse dagane! Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.20.



# TELEMARKS KANALRITET

Laurdag 26. mai.

Dalen – Lunde: 100 km for mosjonistar. Kviteseid – Lunde: 55 km for mosjonistar. Rundløype: 24 km Lunde – Flåbygd – Lunde trim for familien. Matstasjon ved krysset til Fjågesundbroi.



## IDRETTSMERKETAKING

Tysdag 29. mai kl. 18.00.

på grendehusplassen. Væratterhald.

Arr.: Fjågesund IL



## STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi kører rundt og samlar inn:

Tysdag 5. juni kl 17.00



# UT PÅ TUR 2018

Fjågesund idrettslag har plukka ut fire turmål der du finn ei postkasse med bok. Eit kart over turmåla og ruta dit er snart å finne på [fjaagesund.no](http://fjaagesund.no). Dei som har gått alle 4 turane (Nærings, Hyvre, Telnesåsen, Groa) i 2018 vert med i trekkinga av ein fin premie på fyrste morokveld til hausten. Bøkane ligg ute til 20. september.



God tur!

Me minner om at det fortsatt er god plass til nye medlemmer i idrettslaget! Du forpliktar deg ikkje til anna enn å støtte ei god sak. Er me fleire, stiller me sterkeare bla. ved søknad om kulturmidlar etc. Giro for medlemskontingent finn du på oppslagstavla på [fjaagesund.no](http://fjaagesund.no).



Tid for våropprydding,  
hugs loppemarknaden 1. september!

**sensation**

**dance band**

**ST.HANS FEST PÅ  
FJÅGESUND GRENDEHUS!  
Laurdag 23. juni**

**KI 16.00** felles grilling og leik på grendehusplassen. Ta med mat og drikke, grillar ordnar vi.

**KI 21.00** spelar duoen Sensation opp til dans. Sal av pølser, brus og kaffi. Inngang kr. 250,-. Påmelding på epost: [trineal44@gmail.com](mailto:trineal44@gmail.com) telef.: 941 62 661  
Velkommen!!

Arr. Fjågesund grendehuslag

Grendehuslaget oppmodar alle som har lånt ting med seg heim frå grendehuset, om å levere desse tilbake. Det manglar bla. fleire bollar, fat, kjelar, kjøkkenhandkle og 2 gryteklytar. Dei kan leverast til Gunn eller Odd, eller på grendehuset når det er offentlege tilstellingar.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:  
[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)

Fjågesund IL er på Facebook